



Johanne Øvstebø Tvedten og Maria Malmsten gav dei 50 tilhøyrarane på Rød ei gripande stund. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Topp-punktet søndag under den årlege Museumsdagen på Bygdetunet Rød, som har runda 25 år i år, var eit fascinerande kvinneportrett.**

**Johanne Øvstebø Tvedten og Maria Malmsten teikna det av Jens Tvedt sin romanfigur, husmannskona Madli, i ein nesten timelang forteljeframføring. Det skjedde i ei heilt rett atmosfære, i friluft på tunet.**

**Dei 50 som var til stades var imponerte over dei to aktørane.  
Dei var samde om at dette hadde vore ei stor oppleving.**



Rundt rekna 50 overvar Museumsdagen dette året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Øvstebø Tvedten, til dagleg undervisningsleiar ved Sunnhordland Museum, har gjort ein imponerande jobb ved å sy saman dei to Madli-romanane 'Madli under apalen' og 'Guds løn', som tilsaman er på rundt 500 sider. Men det stoppar ikkje der, ho har også bearbeida tre andre bøker av heimstad-diktaren frå Omvikdalen på same måten.



Sokneprest Jan O. Totland hadde gudstenesta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Madli-forteljinga er, slik ho også framstår etter bearbeidinga, ei gripande, fargerik og dramatisk, men også munter søge om ei husmannskones liv og lagnad i ei kvinnheradsbygd kring førre århundreskiftet. Dette er levande historieformidling!

Og mezzosoranen Maria Malmsten gjer framstillinga enda meir livfull, men også meir ålvorsam med stev og folketonar frå Skandinavia, delvis laga av henne sjølv.



Ungdomslaget sørga for rikeleg servering. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utstillinga dette året var av rundt rekna 50 lufffotos frå Uskedalen i lemstova og Kristian Bringedal minna om at alle bygder har ein slik fotoskatt på veggane og bør ta godt vare på han. Det har allereie skjedd til dømes i Kvinnherad, som no er iferd med å digitalisere bileta dei har kjøpt attende frå Fjellanger Wiederøe. Her er det mykje spanande å henta ut for kommande generasjonar!

Bileta frå 1950- og 1960-talet kalla fram mange minner og også kuriosa, tildels av meir munter karakter:

Påmåla flagg, sterkt oppfriska fruktbløming, raudmåla lør og ei grøn Heio lenge før idrettsplassen vart grøn er nokre døme.

I eitt tilfelle har bonden teke på seg sin finaste stas og vinkar til flyet.

Bileta fortel også om næringsutvikling som ikkje er meir i Uskedalen. Til dømes kan ein sjå fleire revegardar. Men framfor alt merkar ein seg kor beskjeden vegetasjonen var samanlikna med no.

Som tradisjonen tilseier vart Museumsdagen opna med messe, denne gongen inne i stova og leia av sokneprest Jan O. Totland. Også i denne deltok Maria Malmsten og ho ga messa ein ekstra dimensjon med fleire religiøse folketonar.

Og ungdomslaget sørger for rikeleg servering - også det som tradisjonen tilseier.

Av Ola Matti Mathisen



Flyfotoutstillinga vekte minner hos mange. mellom andre Annlaug Rød, Tormod Myklebust og Audun Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)